



ULSTEIN KOMMUNE

Inkludering og mangfold har med dette glede i å invitere til næringslivsmøtet «Bru til Arbeid».

Dei siste åra er meir enn 500 flyktningar frå Ukraina vorte busett i Ulstein, Hareid og Sande. Det er avgjerande både for den enkelte og for samfunnet, at dei som vert busett går ut i arbeid. Vi har erfart at mange får seg jobb, og blir viktig arbeidskraft for private og offentlege arbeidsgjevarar. I bagasjen har flyktningane med seg verdifull kompetanse, utdanning og erfaring. Det er likevel ikkje gitt at kompetansen dei sit på, er relevant for arbeidsgjevarar i vår region.

For NAV og kommunane er det viktig å jobbe med å tette gapet mellom kompetanse som flyktningane sit på, og behovet i arbeidsmarknaden. Vi ønsker å bygge «bru til arbeid». Heilt konkret vert det no busett fleire personar med praktisk bakgrunn og erfaring. Vi veit at dei maritime næringane i vår region har behov for arbeidskraft i tida som kjem. Er det mogleg å «matche» dette? Vi har tru på dette er ei problemstilling vi kan løyse saman, på ein måte som kjem både den enkelte, lokalsamfunnet og næringslivet til gode. Ulstein, Sande og Hareid kommunar, NAV og MAFOSS inviterer difor til lunsjmøte for samsnakk og samtinking. Vi vil også presentere utviklingsprosjektet «Bru til arbeid», for å sjå om dette kan gje svar på nokre av utfordringane.

Aktuelle spørsmål/tema er:

- Er det realistisk at fleire av dei som vert busett kan bli aktuelle arbeidstakarar i dei maritime næringane i vår region? Kva skal til for å lukkast med dette?
- Kva behov har bedriftene?
- Kva kan NAV og kommune bidra med av oppfølging og kvalifisering?

Tid og stad: Onsdag 17.04.24, kl 12.00 - 14.30 på Sunnmøre folkehøgskule. Velkomen!

Stian Scheide
Ordførar
Ulstein kommune

Dag Vaagen
Ordførar
Sande kommune

Bernt Brandal
Ordførar
Hareid kommune

Renathe Rossi Aglen
Kommunedirektør
Sande kommune

Alexander Måseidvåg
NAV Leiar
Hareid, Ulstein, Sande

Jan Thormodsæter
Dagleg leiar
MAFOSS

Lars Erling Bjåstad Hovlid
Einingsleiar
IMU

Mats Pedersen
Prosjektleiar
Bru til arbeid



ULSTEIN KOMMUNE

Program Næringslivsmøtet «Bru til Arbeid»:

- **Velkommen til Sunnmøre folkehøgskule**
 - o Enkel lunsj
- **Ordfører Ulstein Kommune, Stian Scheide**
 - o «Å tørre satse på motivasjon»
- **Einingsleiar Inkludering og Mangfald i Ulstein, Lars Erling B. Hovlid**
 - o «Flyktningar i vårt lokalsamfunn. Kven er dei og kva tilbod får dei?»
- **Fylkesdirektør NAV, Stein Veland og leiar NAV Hareid, Ulstein, Sande, Alexander Måseidvåg**
 - o Regional og lokal arbeidsmarknad
- **Dagleg Leiar MAFOSS, Jan Thormodsæter**
 - o Arbeidskraftsbehov i den maritime næringa
- **Prosjektleiar «Bru til arbeid», Mats Pedersen**
 - o Kvalifiseringsløp for flyktningar, «Industrilappen»
- **Korleis lukkast i få fleire flyktningar i arbeid?**
 - o Survey, innspel og dialog



QR kode: Påmeldingsskjema

Mats Lea Pedersen, Prosjektleiar «Bru til arbeid»

Inkludering og Mangfald, Ulstein Kommune

94972674

mats.lea.pedersen@ulstein.kommune.no